



Kontrollutvalet sin rapport for 2025

I tråd med NIF sin lov § 2-12 gir kontrollutvalet i Ål IL følgjande rapport.

Kontrollutvalet si oppgåve er å sjå til at:

- idrettslaget sine midlar er brukt i tråd med lover og reglar.
- idrettslaget sine midlar går til dei aktivitetane som laget/årsmøtet har bestemt.
- alle økonomiske disposisjonar er i samsvar med idrettslaget sin eigen lov.
- idrettslaget har økonomisk kontroll internt.
- årsrekneskapen og rapportar gir eit rett bilde av idrettslaget sin drift.

Rekneskapen er ført av felles regnskapsfører for hovudlag og undergrupper og er ferdigstilt i god tid.

Kontrollutvalet har kontrollert resultatrekneskap og balanse for hovudlaget og alle undergrupper. Forvaltning av ressursar og økonomistyring ser ut til å vera tilfredsstillande., Alle midlar ser ut til å bli nytta i samsvar med lover, vedtak, løyvingar og økonomiske rammer.

Følgande handlingar er utført:

Gjennomgang av tilsendte protokollar for årsmøtet og styremøte. Styrets årsmelding for 2025 og årsrekneskapen for 2025 er gjennomgått.

Merknad til forvaltninga av idrettslaget:

Kontrollutvalet har hatt møte med Lars Tveito. Alle gruppene har hatt gjennomgang av sine bankfullmakter for å oppdatere tilgangar. Videre skal det foreligge dobbeltfullmakt på samtlige av laga og undergruppene sine bankkonti ved belastning.

Kontrollutvalget er kjent med at Ål Alpin har bekosta lysanlegg i Ål skisenter, her må det etableres avtale med skisenteret med hensyn til bruk og vedlikehald av anlegget.

Ellers vil kontrollutvalget oppmode om bruk av budsjett i dei enkelte gruppene og halde ajour bilag til ei kvar tid.

Øvrig forvaltning av Ål IL har vore på ein god måte. Basert på tilgjengelege materiale er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknad ut over det som kjem fram av denne rapporten.

Merknad til framlagt rekneskap:

Balansen syner at Ål IL har store eigendelar og god likviditet, men det er stor variasjon mellom ulike undergrupper. Balanserekneskapen gir eit godt bilde på Ål IL sine verdier og gir godt underlag for å vurdere Ål IL sin stilling og resultat.

Ål IL har god økonomi, egenkapitalen er kr. 8.458.213,- og samla gjeld syner kr. 1.370.554. Laget har ryddig og oversiktleg reknskapsføring.

Konklusjon:

Kontrollutvalet kan tilrå at årsmelding og årsrekneskap for 2025 blir godkjent av Årsmøtet.

Ål 09.mars 2026



Inge Ragnar Gåsterud

Inge Ragnar Gåsterud

Ole Johnny Stavn

Ole Johnny Stavn